

# Renovasjonsordninga for hytter i Rasdalen – oppmoding frå styret i grendalaget 30.05.07

Etter fleire skriv frå grendalaget og i tillegg oppslag i "Hordaland", har det no kome på plass tre containerar på Roningen. Dei er alle merkte med "Hytterrenovasjon", så no byrjar me omsider å sjå litt resultat av arbeidet vårt i denne saka.

I reportasjen i "Hordaland" 24.05. er det også ein kommentar frå Miljøverket v/Kåre Flatlandsmo. Han viser m.a. til at det er svært få av hytteeigarane i Rasdalen som så langt har betalt gebyret for renovasjon. Styret i grendalaget har i løpet av dugnadshelga (26.05.) diskutert akkurat dette, også i høve til ev. vidare arbeid/oppfølging av saka. Eit moment som underteikna vil trekkja fram, er at dersom ikkje no vert innbetalt gebyr, kan dette også lett verta brukt mot oss. "Når ikkje hyttefolket i Rasdalen vil betala gebyr, er det heller ikkje så nøye å gje dei noko godt renovasjonstilbod", kan t.d. vera argument som kan verta ført mot oss.

## **Derfor vil styret i grendalaget koma med fylgjande oppmoding :**

**Me vil helst at hyttefolket i Rasdalen betalar gebyret for renovasjon, då vil det verta greiare og ryddigare for oss i styret å jobba vidare med denne saka.**

Samstundes skal me fylgja godt med i sommar når det gjeld kapasiteten på anlegget. Skal me betala for renovasjon, er det sjølvstakt eit minstekrav at me får kvitta oss med avfallet !

Skulle det verta fleire problem med renovasjonen i tida framover, får me ev. vurderer utsetjing av betaling/betaling på sperra konto når neste innbetalingskrav kjem til hausten.

Elles er det å takka alle dei 21 personane som stilte opp på grendahuset pinseaftan 26.05. for god dugnadsinnsats. Me i styret er imponerte over både engasjement og utføring. Takk skal de ha !

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal

30.05.07



